

Reglar for stønad til jordbruket i Bygland

Vedteke av k – styre den 26.03.2009 i k - sak nr 19 / 09

1.0 Føremål

1.1 Målsetjinga med dette regelverket er å stimulere til auka aktivitet, sikre eksisterande arbeidsplassar og å skape nye arbeidsplassar i jordbruket.

2.0 Økonomiske verkemiddel

2.1 Kommunestyret løyver i budsjettvedtaket kvart år kr 300 000,- til denne tilskottsordninga. Det vert sett ein tidsfrist for når tiltaket skal vere gjennomført.

3.0 Krav til søkjarane

3.1 Søkjarane må mottake produksjonstilskott i jordbruket, drive bruket og vere skattepliktig til Bygland kommune.

3.2 Forpaktarar av gardsbruk kan og søkje der kommunen har godkjent forpaktingsavtale, og elles oppfylle krava i punkt 3.1.

3.3 Aktive produsentar kan søkje tilskott til nydyrking og reperasjonsgrøfting på andre sine eigedomar der det føreligg avtale.

3.4 Tilskott til bygging av driftsbygningar kan berre gjevast til eigaren av gardsbruket eller forpaktaren der eigaren har godkjent bygging.

4.0 Stønadsformer og tilskottsstorleik

Det kan søkjast om stønad til fylgjande føremål:

4.1 Modernisering og nybygging av driftsbygningar for husdyr.

A) Tilskottsatsen setjast til maksimalt 20 % av godkjent kostnadsoverslag.

B) Prosjekt kostnadsrekna til under kr 50 000 gjevast ikkje rett på tilskott etter denne ordninga.

C) Ordninga kan og nyttast i dei tilfella utgiftene pålaupar med utgangspunkt i offentlige pålegg.

D) Vanleg vedlikehald inngår ikkje i tilskottsordninga.

4.2 Nydyrking

A) Tilskottsatsen setjast til maksimalt 20 % av godkjent kostnadsoverslag for dyrkingsfeltet klart til såing. Maksimalt tilskottsbeløp er kr 100 000 pr dyrkingsprosjekt. Større prosjekt kan vurderast individuelt.

4.3 Reperasjonsgrøfting

A) Tilskottssatsen setjast til maksimalt 20 % av godkjent kostnadsoverslag og maksimalt til kr 50 000 pr grøfteprosjekt.

5.0 Generelle reglar

5.1 Det er ikkje høve til å gjere bindande vedtak om disponering av evt midlar på neste års budsjett. Gjevne tilsegn som ikkje vert utbetalt i rekneskapsåret skal stå på fondet for å sikre likvide midlar.

5.2 Tilskottet vert utbetalt når prosjektet er avslutta etter skriftleg oppmoding og dokumentering av reelle kostnader. Ved nybygging av driftsbygningar kan delutbetaling skje, men 25 % av tilskottet skal haldast attende til ferdigmelding på bygget føreligg.

5.3 Det er ikkje høve til å auke tildelt tilskott dersom tiltaket vart dyrare enn kostnadsoverslaget. Det er tilskottsprosenten av dokumentert og reell kostnad som gjev grunnlag for utbetaling dersom tiltaket vert billigare enn kostnadsoverslaget.

5.4 Arbeidsfristen vert normalt sett til 3 år. Plan – og resursutvalet kan vurdere forlenging av arbeidsfristen etter grunngjeve søknad. **Søknadsfristen er 1. september kvart år.**

Søknadane skal innehalde naudsynte plan – og byggjeteikningar, kostnadsoverslag, budsjett og evt driftsplan. Administrasjonen avgjer kva som er naudsynt dokumentasjon. Alle søknadar vert handsama i felles sak framlagd for Plan – og resursutvalet innan 15.11 kvart år.

5.5 Alle prosjekt skal i førekant vere avklåra i høve anna gjeldande lovverk og føresegner som tiltaket famnar.

5.6 Stønaden kan krevjast attendebetalt heilt eller delvis dersom det seinare kjem fram tilhøve som strir med føremålet i desse reglane. Tvilstilfelle skal avgjerast av Plan – og resursutvalet.

5.7 Ordninga er gjeldande ifrå 1/1-09. Godkjende men ikkje påbegynte tiltak i 2008 kan og søkje om midlar.

5.8 Ordninga skal evaluerast innan 01.06.2012.